



Jan Henrik Hansen i Uskedal Båtlag syner fram den nye festeanordninga for gangbru til flytebrygge.

Det er montert ny festeanordning for gangbru til flytebrygge i Båthamna. Fundament, treverk og arbeidet er sponsa av Lio Sag ved Rune Myklebust. Egil Myhre har laga alle beslag. Plattformen vil vera feste for gangbru ut til flytebrygge. Installasjonen vil vera til stor hjelp ved slipping og når ein skal ta båtar på land.

Ein dag i Båthamna vart det snakka om å få montert ei trygg og god festeanordning for gangbru. '**Ikkje tenk på det Jan Henrik, dette er noko eg skal ordna**', sa Rune Myklebust, dagleg leiar i Lio Sag. I førre veke kom dotter hans, Jorunn, og svigersonen, Joachim, på plassen og laga fundament og bygde opp plattformen. Dermed er ein klar til å festa gangbrua for tilkomst til ei flytebrygge.

Uskedal Båtlag vil ha stor nytte av festeanordninga. Ved slipping vil ein kunna sjå propell og ror på båtane og dermed vurdera tyngdepunktet når ein set båten på slippvogna. Jan Henrik Hansen er godt nøgd med arbeidet. Han rosar Lio Sag ved Rune Myklebust for arbeidet, det same med Egil Myhre for arbeidet med beslaga.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal